

Arkivnr: 2014/17092-78
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret for Vestland		18.09.2019

Fylkestingsvalet 2019 - klage**Samandrag**

Det er motteke ein klage på kommune- og fylkestingsvalet 2019. Klaga vart sendt i post til Stord kommune med mottak 16. september 2019, og vart vidaresendt til fylkeskommunen frå Stord kommune med mottak 17. september 2019.

Klaga er frå ei veljar som meiner at ho ikkje fekk moglegheit til å røyste på fylkestingsvalet.

Prosjektleder har vurdert klaga og finn ikkje å rå til å ta den til følgje.

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret gjev ikkje klagar medhald i klaga og saka vert sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.09.2019

Det er motteke ein klage på kommune- og fylkestingsvalet 2019. Klaga vart sendt i post til Stord kommune med mottak 16. september 2019, og vart vidaresendt til fylkeskommunen med mottak 17. september 2019.

Jamfør vallova § 13-2 kan alle som har røysterett klage over forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet i den kommunen og det fylket vedkommande er manntalsførd. Ein slik klage må fremjast innan sju dagar etter valdagen. Dersom klaga gjeld både kommunestyre- og fylkestingsval vert den sett å gjelde begge val og skal settast fram for enten valstyret eller fylkesvalstyret. Departementet er klageinstans.

Klaga er motteke skriftleg innan fristen hos kommunen og vart sendt vidare til fylkeskommunen dagen etter fristen. Kommunen meiner saka gjeld fylkestinget og klaga vert difor sett fram for fylkesvalstyret.

Klage

Klaga lyd:

«Torsdag 05.09.2019 var eg på Rådhuset for å gje mi førehandsrøyst. Eg las på plakatar om korleis eg skulle gå fram.

Hadde bretta valsetelen for kommunevalet, då utan førevarsel vart forhenget drege til sides av ein valfunksjonær.

Eg kom heilt ut av fatning, var ikkje ferdig. Det var fylkestingsvalet eg ikkje kom til å gjennomføre.

Rullatoren stod utanfor forhenget og eg kom meg fram til valfunksjonærane. Bankkortet vart lagt fram som legitimasjon. Valkortet låg i rullatoren.»

Prosjektlear si vurdering

Prosjektlear finn at klaga gjeld ei veljar som meiner at ho ikkje fekk moglegheit til å røyste på fylkestingsvalet.

«Vallova § 1-1 Lovens formål

Formålet med loven er å legge forholdene til rette slik at borgerne ved frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.»

«§ 8-4.Fremgangsmåten ved stemmegivningen

(1) Velger skal i enerom og usett brette sammen stemmeseddelen slik at det ikke er synlig hvilken valgliste velgeren stemmer på.»

Kommunen har gjeve slike opplysningar i klaga om at det ikkje let seg gjere for veljaren å røyste ved fylkestingsvalet:

«Eg har hatt kontakt med ein av personane som hadde vakt i det aktuelle tidsrommet. Forklaringa var at dei hadde lukka forhenget og sagt i frå om dette. Rutinen var og at dersom dei røysta på eit val vart det informert om at det var to val.»

I høve dette visar prosjektlear til Valhandboka (s. 76):

«12.9.3 Framgangsmåte og rutinar ved stemmegiving

Departementet understrekar at stemmestyret ikkje skal spørje veljaren eller på andre måtar kontrollere om han eller ho har eller skal stemme til begge vala.»

Det var i dette høvet ingenting som hindra veljaren i å røyste på fylkestingsvalet og fylkesrådmannen rår difor til at fylkesvalstyret ikkje gjev klagar medhald i klaga og saka vert sendt til Kommunal- og

moderniseringsdepartementet for endelig avgjerd.

Fylkesrådmannen rår til at Stord kommune tek klaga til orientering til gjennomføring av neste val.

Klage på vedtak

Valloven § 13-2 (4) seier: «Departementet er klageinstans. Departementet skal kjenne fylkestingsvalget i en kommune eller i hele fylket eller kommunestyrevalget i en kommune ugyldig dersom det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på fordelingen av mandatene mellom listene og som det ikke er mulig å rette. Departementets vedtak i klagesaker etter denne paragraf er endelige og kan ikke bringes inn for domstolene.»

I Valhandboka (s. 110) finn ein følgjande om handsaming av klagar: «Valstyret/fylkesvalstyret skal prøve saka og vurdere om ei klage skal få medhald. Dersom ei klage ikkje får medhald, skal saka sendast over til riksstyret (ved stortingsval) eller departementet (ved lokalval) til behandling.»